

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Postboks 8119 DEP

0032 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
21/10698-4

Dato:
19.05.22

Førebelse målområder i ny utviklingsavtale

Vi viser til dykkar brev frå 8. april, der Høgskulen på Vestlandet (HVL) blir invitert til eit fellesmøte om utviklingsavtalar. I dette brevet blir vi bedne om å dele eit førebels utkast til mål som kan inngå i ei ny utviklingsavtale.

HVL har integrert arbeidet med ny utviklingsavtale i prosessen med å utvikle ny verksemdsstrategi. Måla i utviklingsavtalen skal då sjåast i samheng med utviklinga av andre, strategiske mål. Derfor har vi ikkje kome så langt at vi kan leggje fram konkrete målformuleringar. Vi håpar at utkasta til målområder, som vi no skal gjere greie for, kan vere eit godt utgangspunkt for ein god dialog om innhaldet i ei ny avtale:

Målområde 1. Profesjons- og arbeidslivsretta utdanning

Målformuleringar knytt til at HVL tilbyr profesjons- og arbeidslivsretta utdaningar med gjennomgåande utdanningsløp løp frå bachelor, master til ph.d. (Dette peikar mest mot sektormål 3 og 1, men også mot 2.)

Kva tilstand eller resultat er det HVL vil nå i løpet av dei neste fire åra?

Handlar om at HVL skal utvikle utdanningane våre gjennom meir forskning, internasjonalisering og arbeidslivsrelevans. Det handlar også om å vere tydelegare på at den profesjons- og arbeidslivsretta profilen på utdanningane er med på å definere oss som universitet i vår region, der vi er i front nasjonalt.

Nokre effektar (gevinstar) av å nå mål på dette området:

- Dei som blir utdanna hos HVL bidrar til å styrke samfunnet, både nasjonalt og regionalt. Det handlar mellom anna om arbeidslivets tilgang på relevant kompetanse, innovasjon i offentleg sektor, betre offentlege tenester og nyttiggjering av miljøvennleg teknologi (jf. langtidsplanen for høgare utdanning)
- Bidra til, og leggje til rette for, eit desentralisert samfunns- og næringsliv, og styrke verdiskapinga regionalt.
- Bidra til å utvikle utdanningane til det beste for samfunns- og arbeidsliv.
- Bidra til at profesjonane utviklar seg gjennom meir forskning om, og med, aktørane.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
Stabseining for
styresekretariat
og
verksemdstyring

Saksbehandlar
Einar Brobakke
Telefon: +47 55 58 75 95

Målområde 2. Forsking

Målformuleringar skal rettast mot våre forskingsområde, som skal vere kjenneteikna av høg internasjonal kvalitet, innovasjon og relevans. Forskingsresultat blir teke i bruk og får gjennomslag i samfunns- og arbeidsliv, også internasjonalt. Dette området kan også koplast til ph.d.-programma og det unike med dei, i eit nytt universitet. (Dette peikar mest mot sektormål 1.)

Kva tilstand eller resultat er det HVL vil nå i løpet av dei neste fire åra?

Handlar om at HVL sin profesjons- og arbeidslivsretta profil skal vere styrande for kva kunnskap og kompetanse vi skal utvikle. Ny kunnskap skal byggast gjennom samskaping, partnerskap, klynger, nettverk og knutepunkt og bli verksam praksis. Samtidig skal HVL i større grad vere kjenneteikna av tverrfagleg forskning med høg internasjonal kvalitet, med både nasjonale og internasjonale samarbeidspartar.

Nokre effektar (gevinstar) av å nå mål på dette området:

- Forskingsmiljøa våre er ein attraktiv partner i forskingsprosjekt.
- Forskinga ved HVL styrkar det positive omdømmet ytterlegare. Vi er kjent for det tverrfagleg og at det er stort innslag av eksternt samarbeid. Dette gjer oss attraktive for forskarar og forskarmiljø nasjonalt og internasjonalt.
- Kvaliteten og relevansen i studieprogramma vår blir styrka.

Målområde 3. Fleircampusuniversitetet

Målformuleringar vert knytt til berekraftige og levande campusar som skapande kraftsenter der fleircampusmodellen blir vidareutvikla for å maksimalisere potensialet av dette. Formuleringa må knytast til verdiskapinga i det å vere ein lokal/regional aktør som er til stades på fem geografisk spreidde studiestadar. (Dette peikar mot alle sektormål.)

Kva tilstand eller resultat er det HVL vil nå i løpet av dei neste fire åra?

Det vil handle om å ta ut meir av potensialet i det å ha fleire campus i ein stor region og vere ein drivkraft for regional utvikling i eit stort geografisk område. Ein viktig del av dette potensialet ligg i å utnytte det å vere til stades og byggje relasjonar og nettverk. Ein annan viktig del er å vere fleksible og dele kunnskap og kompetanse mellom fagmiljø på campus, og på tvers av fleire campus. Det å hente ut gevinstar av digitalisering er viktig her.

Nokre effektar (gevinstar) av å nå mål på dette området:

- Hentar ut synergi-gevinstar av at vi er fleire campus - på tvers av campus, både for brukarane av campus og samfunnet rundt.
- Fleircampusmodellen bidreg både til auka mangfald i sektoren og til større fleksibilitet der vi kan tilpasse vår aktivitet til regionale behov.
- Er til stades og samarbeide tett med regionalt samfunns- og næringsliv og bruke nettverka til å bli opplevd som ein føretrekt samarbeidspartnar.
- HVL byggjer positivt omdømme gjennom levande campus.

Vi ser fram til den vidare dialogen om ny utviklingsavtale.

Med helsing

Gunnar Yttri

Einar Brobakke

Rektor

Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.